

Vår ref.:
24/01559-16

Dato:
22.10.24

Referat frå IDF-møte 21.10.2024 - styresaker

Tid: kl. 13:00-14:00 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane (tillitsvalde)

- Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet (FF)
- Jan Ove Mjånes, Akademikerne (A)
- Tone Skjerdal, NTL/LO-stat
- Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat
- Karin Bell, Hovudverneombod (HVO)

Frå arbeidsgjevar:

- Gunnar Yttri, Rektor
- Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
- Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
- Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar HR (referent)

Styresaker

Vedtaksaker

42/24-B - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 6/2024

43/24-B - Godkjenning av etablering - Bachelor i kunstfag - musikk og visuell kunst

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Dette er positivt og spør om denne er aktuell å etablere på andre campus?

44/24-B - Godkjenning av etablering - Bachelor i skulefritidspedagogikk

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
HR - Avdeling for
HR

Saksbehandlar
Wenche Fjørtoft
Telefon:
+47 57 67 61 20

Rektor orienterte.

Tillitsvalde hadde eit spørsmål til plassering av samlingane. Det er viktig at ein tek omsyn til evalueringane ein har hatt av både Vestlandsklasse og samlingsbasert Grunnskuleutdanning (GLU).

45/24-B - Studieporteføljen 25/26: Søknad om nedlegging av studieprogram over 60 studiepoeng

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Bygg-utdanninga i Førde skil seg ut. Er det aktuelt å ha nullopptak til ein har fått laga ein plan for korleis ein skal bruke desse studieplassane på Campus Førde? Det hadde vore ønskeleg med nullopptak i første omgang. Det hadde vore interessant å vite kor mange studieplassar desse kursa som blir nedlagt eller vidareført har?

Tillitsvalde meiner det er vanskeleg å forstå kvifor bygg-utdanninga skal leggjast ned ut frå det som står i saka. Det er vanskeleg å støtte nedlegging av programmet utifrå det som er skrive. Det bør kome tydelegare fram kva ein vil. Viser til at fagmiljøet frå institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag argumenterte sterkt for at bygg-utdanninga skal halde fram. Ein er redd for at teknologimiljøet ved Campus Førde skal forvitre.

Rektor: Det er rekrutteringssituasjonen og tidlegare nullopptak for bygg-utdanninga som er grunnlaget for forslaget om nedlegging. Sunnfjord kommune har sendt brev til styret.. Vi treng å få teknologiutdanningar som rekrutterer i Førde. Vi ser ikkje at eit nytt nullopptak gir oss nok rom for å setje i gang dei tiltaka som er diskutert med næring, kommune og fagskule.

Tillitsvalde: Det som vart sagt er at viss ein har null-opptak så går det endå eit år før ein kan sjå på andre løysingar. Viss ein legg ned så kan ein begynne å sjå på andre fag som ein treng lokalt.

Rektor: Rommet for omstilling som vi treng for å opprette nye utdanningar vert vesentleg større med nedleggingsvedtak.

46/24-B - Godkjenning av utgreiingssøknad - Prosessteknologi Y-veg

Rektor orienterte.

47/24-B - Godkjenning av utgreiingssøknad - bachelor i informasjonsteknologi

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Det er viktig at studiet blir tilpassa endra kvalifikasjonskrav slik det blir justert i høve til opptakskrava.

48/24-B - Satsingsforslag 2026 - innspill til KD

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Med fleksible studium med obligatorisk praksis, så krevst det mykje av vår eigen praksisadministrasjon, fordi studentane kan kome frå heile landet og utanfor det geografiske området der HVL har praksisavtalar. Dermed går vi inn i andre institusjonar sine praksisområde og må ta kontakt med desse for å få avklare praksisplassar.

Tillitsvalde: Har det vore tenkt på om nybygget i Haugesund kan kome inn på investeringsplanen? Har ein tenkt på Vinstalliansen? Når det gjeld små campus og samfunnsoppdraget, så er det viktig at vi tilbyr fag og kurs på dei små campus og ikkje berre ved dei store sentra.

Tillitsvalde: Det er bra å satse på paramedisin. Vi må passe på at vi ikkje lagar ein situasjon der vi konkurrerer med oss sjølve. Viss vi opprettar tilbodet ved alle campus så vil vi konkurrere med oss sjølve.

Det er i dag 10 institusjonar som tilbyr Paramedisin. Er det andre område vi heller bør satse på?

49/24-B - Økonomisk rammefordelingsmodell HVL fra 2025 - for løyving frå

Kunnskapsdepartementet

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Dette er ei stor og vanskeleg sak. Mange ting som skal på plass. Det er ønskjeleg å få tydelegare fram kva som er felleskostnader og kva som er administrasjon.

Korleis skal dei 50 millionane som er sett av til forskingsintensiv brukast? Korleis skal dei fordelast? Kva er tenkt? Kva vil ein med midlane?

Orienteringssaker

O-45/24 - Orientering om forslag til statsbudsjett for 2025 og nye prinsipp for budsjettering

Rektor orienterte.

Tillitsvalde saknar kommentar i høve til eigenbetaling ved gjentak av eksamen. Dette er ny politikk, kva vil høgskulen gjere? Skal ein ta seg betalt for å ta oppatt eksamen?

Vi kan kome i ein situasjon at studenten stryk med vilje for å få eit nytt forsøk utan å betale. Viss ein består så må ein betale for eit nytt forsøk.

Rektor: Dette er ei sak høgskulen må vurdere, og ein har ikkje starta med diskusjonen enno. Vi må ha ein god prosess og vi må gjere eit klokt vedtak i samsvar med høgskulen og studentane sine interesser.

Tillitsvalde: Korleis skal vi bruke ekstratildeling til fleircampus-institusjonar? Blir midlane fordelt til fakulteta, til desentraliserte studium? Korleis skal desse midlane nyttast?

Rektor : Dette må avgjerast i budsjettprosessen.

O-46/24 - Verksemdsrapport pr 2.tertial, inkludert rekneskap

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Saknar at det er omtale av kva som no skjer vidare? Vi ventar på å få klarheit i situasjonen.

Rektor: Verksemdsrapportering gjer det mogleg å følgja opp universitetssøknaden., med undervegsrapportering av parameter som vitskapleg publisering, kompetanse og gjennomstrøyming på doktorgradsprogram.

Tillitsvalde: Det er viktig med heilskapstanken. Ein del av masterprogramma blir finansiert av bachelorutdanningar. Viktig med heilskapsperspektivet.

O-47/24 - Revisjonsberetning og revisjonsbrev fra Riksrevisjonen for revisjonen i 2023

Ingen merknader.

O-48/24 - Internasjonalt kunnskapssamarbeid

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Flott med internasjonale samarbeid. Kva økonomiske konsekvensar har dette og får vi utbytte av dei avtalane vi har gått inn for?

Rektor: Artemis gir grunnlag for prioriteringar og betre drift mot internasjonalisering. Det er bra å få fram tal der vi ser kva vi har oppnådd.

Tillitsvalde: Det internasjonale samarbeidet vi har aukar merksemda vår, vi blir kjent med andre stader å søke samarbeid på som vi ikkje hadde fått til viss vi ikkje hadde internasjonale partnerar. Det er viktig arbeid som ikkje hadde gått om vi ikkje hadde samarbeid.

O-49/24 - Orientering - arbeid campus Stord

Rektor orienterte.

Tillitsvalde: Det handlar om heile høgskulen som består av enkeltcampus. Samanhengen er viktig å få fram. Det som går på samspel med regionen liknar på campusutviklingsprosjektet. Er det grunn til å tru at vi får meir ut av ei slik arbeidsform denne gongen?

HVO: Ein del av bygga på Stord held ikkje god nok kvalitet. Vi leiger bygg vi ikkje kan bruke i dag, det må takast opp med Statsbygg. Vi må få bygg som kan brukast med dagens standard.

Rektor: Tillitsvalde er kjende med at vi har store avtalar med Statsbygg. Vi får ikkje den fleksibilitet i bruk av areal som vi ønskjer då det er lite rom for fleksibilitet i avtalene.

O-50/24 - Styret møter Studenttinget

Tillitsvalde: Avtalen med Studenttinget må informerast om nedover i organisasjonen. Dette har konsekvensar som til dømes administrative rettar som studentane har, tilrettelegging osv. Det må informerast godt i dei administrative linjene og i fakulteta.

Referatsaker

O-51/24 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 6/2024

O-52/24 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 6/2024

O-53/24 - Referatsaker - styremøte 6/2024